

JUS1111 - Eksamensoppgåve - V23

EKSAMENSOPPGÅVE

JUS1111 - Privatrett I - Våren 2023

Dato: 13. juni 2023

Tid: Kl. 09:00 - 13:00

I desember 2021 kjøpte Peder Ås ein mintgrøn brødristar på Elkjøp til 1000 kroner, som ei bursdagsgåve til kona Liv. Då gåva vart pakka opp, skjønnte Peder straks at Liv ikkje likte brødristaren, og at den einaste grunnen til at ho ikkje ville byte han, var av di Peder var så oppglødd av han.

Nokre dagar seinare tok Peder i bruk ristaren. Han hadde ikkje vakna heilt den morgonen, og han greidde på klønete vis å knuse eit kjøkkenglas slik at det kom glasskår ned i ristaren. Han tømte ristaren så godt han kunne, men då han drog ned spaken, hørde han at det knasa, og det kom eit klikk som om noko rauk. Brødiskivene spratt ikkje opp som dei skulle, og etter kvart byrja det å ryke kraftig frå ristaren. Peder fjerna brødiskivene og drog spaken opp før han bar brødristaren ut i boden. Til Liv sa han berre at brødristaren hadde vore ei tåpeleg gåve, og at han hadde sett han i boden.

Eitt år seinare, i mars 2023, skulle Liv rydde i boden. Ho bestemte seg då for å leggje åtte gjenstandar ho fann, ut for sal på nettsida brukthandel.no, mellom anna ein mintgrøn brødristar.

Marte Kirkerud handla mykje på nettsida brukthandel.no, og etter kontakt per e-post og sms, drog Marte heim til Liv og kjøpte brødristaren for kr 200. Det vart ikkje inngått noka skriftleg avtale, men Liv fortalde at brødristaren hadde stått ei stund i boden, og at ho ikkje kunne ta ansvar for kvaliteten.

Ved 18.00-tida same dag fortalde Liv til Peder at ho hadde selt brødristaren. Peder forklara då kva som hadde skjedd siste gongen ristaren var i bruk, og dei vart samde om at Liv skulle ta kontakt med Marte. Rett før ho la seg ved 23.00-tida, sende Liv ein e-post til Marte om at ho måtte vera varsam med brødristaren, som kunne vera brannfarleg.

Marte sjekka ikkje innboksen før ho tok ristaren i bruk neste morgon. Ho merka at det knasa litt då ho drog ned spaken, men ho hadde mykje å gjera og gjekk ut av kjøkkenet ei god stund medan ristaren var på. Då ho kom attende, brann det frå ristaren. Marte greidde å slokke brannen, men benkeplata vart svidd, og under slokkinga vart den høgre handa hennar forbrent.

Marte og Liv var samde om at forbrenninga av handa førte til eit inntektstap for Marte på 20 000 kroner, og at eit eventuelt erstatningskrav for skaden måtte følgje reglane om erstatning utanfor kontrakt. For personskadene gjorde Marte gjeldande at Liv skulle ha undersøkt betre kva ho selde, og at e-posten ikkje var eit tilstrekkeleg varsel. Liv nekta å godta kravet. Ho hadde selt ein brukt ting på vanleg måte og gjeve eit tilstrekkeleg varsel. I alle tilfelle kunne Marte sjølv lastast, sidan ho hadde gått frå ristaren fyrste gong ho prøvde han.

Marte og Liv var òg samde om at det ville koste 10 000 kr å skifte benkeplate. Marte meinte at Liv var erstatningsansvarleg for dette tapet etter kjøpsrettslege reglar. Liv nekta å godta kravet. Ho hadde uttrykkeleg sagt frå seg ansvaret for kvaliteten på ristaren, og dessutan dekkjer dei kjøpsrettslege reglane ikkje eit slikt tap. Partane var samde om at det var reklamert i tide.

Drøft og ta stilling til dei rettsspørsmåla tvisten reiser.